

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: V4DRT7

Registrert dato: 13.02.2022 17:18:35

<b>Innleiing</b>	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
<b>Opplysningsar om innsendaren</b>	
Førenamn	
Marit	
Etternamn	
Jøssang	
Adresse	
Røfjellsvegen 17	
Postnummer 5919	Poststad FREKHAUG
Telefon	
E-post marit.jossang@gmail.com	

<b>Høyringsuttale</b>	
Høyringsuttale	
Velj høyringsuttale:	
<input checked="" type="radio"/> Kommuneplanen sin samfunnssdel	
Uttale	
1. Det er svært viktig at skular og barnehagar har tilgang på skog og mark i passande gåavstand frå skulen/barnehagen. Borna er store deler av si vakne tid i barnehagen/på skulen/SFO. Det er av stor verdi for borna si utvikling at dei kan gå tur til og leika i eit lite skogholt. Då treng ein fleire slike område i nærleiken av barnehagane/skulane. Det må vera avstand tilpassa både 2-åringar og 5-åringar. Pent opparbeidde parkar stettar ikkje desse behova. Me treng «ustrigla» friluftsområde der ein t.d. kan klatra i tre eller på ei rotvelta, laga seg «hytter», spikka pinnar, grava i jorda osv. Særleg i fortettingsområde må ein sjå til at slike grøne flekkar vert tatt vare på. Dette bør uttrykkjast i samfunnssdelen. Så må det fylgjast opp både i arealdelen til kommuneplanen og vidare i ulike reguleringsplanar mm. Kanskje barnehagane og skulane kunne blitt inviterte med på ei kartlegging av kva slike område ein har i dag og kva ein evt. manglar i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel?	
2. Frivillig arbeid er stort i Alver. Det er eit av våre store aktivum. For å ta vare på dette, og gjerne auka det, er det uhyre viktig at kommunen legg tilrette for og er ein medspelar til ulike initiativ frå frivillig sektor. Stor aktivitet skaper ofte meir aktivitet. Det kan difor vera behov for ulike tiltak for å gje rom for ny aktivitet der det allereie er stor aktivitet. Kommunen kan og stimulera til auka frivillig innsats gjennom ulik tilrettelegging. Dette bør uttrykkjast i planen. Kommunen vil stimulera til frivillig arbeid gjennom å vera ein aktiv medspelar som støttar opp om og legg tilrette for at frivillig arbeid skal blomstra.	
3. Alver har mykje aktivitet innan kyrkje/ kristne organisasjonar, og noko også innan andre livssyn. Planen seier ikkje	

noko om dette arbeidet. Livssyn er noko meir/anna enn kultur, samstundes vil mykje av det som står nemnt under kultur eller frivillig arbeid, vera dekkande også for livssynsfeltet. Planen bør seja noko generelt om dette feltet i Alver, og det bør tydleggjerast kor dette feltet høyrer heime i planen.

4. I høyringsutkastet vert kollektivtransport særleg til og frå Bergen nemnt. Det er mange som også pendlar internt i Alver. Det er difor viktig å leggja tilrette for god kollektivtransport internt i kommunen, som mellom Frekhaug, Knarvik og Alver.

Det er flott det vert løfta fram dette med innfartsparkering. Det er ofte nøkkelen til at folk i distriktet vel å bruka kollektivtransport i staden for bil der det er hyppige avgangar.

5. Det er nemnt i planen noko om å få setja opp hus nr. 2 på gardsbruk. I enkelte tilfelle er det også behov for eit hus nr. 3 for at ingen av generasjonane skal bli «kasta ut» av tunet. Kan dette formulerast inn i planen på eit eller anna vis?